

Eit fjerde oljesjokk

Ole Gunnar Austvik

Oljeprisen har gått opp frå 10 til meir enn 30 dollar per fat sidan våren 1999. Dette er ei tredobling – ein auke som har gitt Norge betydelege meirinntekter. Eksportverdien av olje og gass passerer 250 milliardar kroner i år 2000, og oljefondet kommer etter alt å dømme opp i rundt 400 milliardar kroner ved årsskiftet.

- **Kva faktorar bestemmer oljeprisen?**
- **Kva for verknader har oljeprisen?**
- **Kva interesser har forskjellige land i oljemarknaden?**

Auken i oljeprisen det siste året har ført til uro hos mange. Især synest bilbrukarar verda over å vere bekymra, og kanskje særleg i Nord-Amerika og Europa. Iallfall om vi skal dømme etter dei dominerande internasjonale media. I fleire land har aktivistar demonstrert og protestert mot det dei meiner er for høge bensinprisar. Motorvegar, oljeterminalar og andre viktige knutepunkt er blitt lamma av lastebilsjåførar i forsøk på å påverke styresmaktene til å sette ned avgiftene og dermed redusere prisane på bensin og diesel. Noen regjeringar har gitt etter, dei fleste har halde igjen og blant anna måtta sette inn politi. Mot dette bakteppet er energiministrar og andre politikarar blitt tvungne til å komme med fråsegnar, gjennomføre krisemøte og anna for å vise at dei tar uroa over bensinprisane på alvor. Amerikanske politikarar har vore i Norge og andre produsentland for å "drøfte" oljeprisen. EU har mant til meir dialog og samarbeid mellom produsentland og forbruksland med

sikte på å oppnå meir stabile oljeprisar. Ein høg dollarkurs bidrar ytterlegare til å auke oljeprisen i Europa (olje blir gjerne seld i dollar på verdsmarknaden) og bere ved til bålet. På den andre sida prøver miljøaktivistar å halde igjen; dei ønsker høge avgifter for å halde forbruket og dermed også CO₂-utsleppa nede. Korfor skjer alt dette, og er det eigentleg så nytt?

Oljeprisen blir gjerne målt i dollar per fat.

Produksjonen blir gjerne målt i m f/d – millionar fat per dag


OLJEPRISENS NÆRE HISTORIE

Handelen med råolje utgjør ein stor del av forbrukarlandas importkostnader og eksportlandas inntekter. Dette er éi årsak til at selskap og statar ofte har prøvd å påverke den internasjonale råoljemarknaden. I lange periodar kontrollerte verdas sju største oljeselskap (Exxon, Mobil, Chevron, Texaco, Gulf, Royal Dutch Shell og British Petroleum – «dei sju systrene») mesteparten av oljeeksporten. I dei siste 30 åra har medlemslanda i OPEC (Organisasjonen av oljeeksporterande land) representert tyngdepunktet i oljemarknaden (sjå boks). I denne perioden har vi opplevd fleire oljesjokk, kraftige endringar i oljeprisen innanfor kort tid.

Korleis finn du dei tre første oljesjokka igjen i figuren under?


DET FØRSTE OLJESJOKKET: Etter Yom Kippur-krigen mellom Israel og arabarlanda i 1973 gjennomførte OPEC-landa, under leiing av Saudi-Arabia,

Kjelde: *Olje- og energidepartementet og Statistisk Sentralbyrå.*



Eit fjerde oljesjokk

Energiforbruket i verda, 1970-2020



Fosilt brensel utgjør ca. 90% (av dette: olje ca 50%, gass 25% og kol 25%) av det totale energiforbruket i verda.

Btu = «British thermal unit - Btu - er ei dominerande måleining på energiområdet. 1 kvadrillion = 10^{24} .

1 tonn råolje = 7,33 fat med råolje = 39 millionar Btu.

Kjelde: *Energi-departementet i USA, 1998*

moderate justeringar av oljeproduksjonen. Resultatet blei at prisane gikk opp frå rundt 3 til om lag 12 dollar per fat. Denne fire-doblinga av prisen blir gjerne kalla det første oljesjokket. Prisen heldt seg på dette nivået fram til 1979. I dagens pengeverdi er det ein pris på 30-40 dollar. Bildet i historiebøkene av bilfrie søndagar og kong Olav på trikken under denne krisa er utslag av dette «sjokket».

DET ANDRE OLJESJOKKET: Etter revolusjonen i Iran i 1979 (under ayatollah Khomeini) reduserte landet oljeproduksjonen med omkring 2 millionar fat per dag (mf/d). Saudi-Arabia klarte å vege opp for ein del av dette bortfallet. Likevel blei prisen driven opp til rundt 20 dollar fatet. Etter at Irak året etter (1980) gikk til krig mot Iran, fall produksjonen i Iran og Irak med ytterlegare 4 mf/d som følge av at partane øydela oljeinstallasjonar for kvarandre.

Dette førte oljeprisen heilt opp mot 40 dollar fatet. Denne tredoblinga av prisen

Korfor kan det vere rimeleg å tale om eit fjerde oljesjokk no?

Organisasjonen av oljeeksporterande land (OPEC)

OPEC blei etablert i januar 1961 av fem av verdas viktigaste oljeeksporterande land: Saudi-Arabia, Iran, Irak, Kuwait og Venezuela. Føremålet var å samordne oljepolitikken i medlemslanda og stanse «skadelege og unødvendige» svingningar i oljeprisen. Bakgrunnen for etableringa av OPEC var ei aukande misnøye med at dei internasjonale oljeselskapa kunne bestemme prisar og utvinningstempo for oljeproduksjonen mot å betale (ofte låge) avgifter til vertslanda. Innan 1973 var det meste av oljeproduksjonen i OPECs medlemsland overført til nasjonale oljeselskap. Da hadde talet på medlemsland auka til 13, med Algerie, Indonesia, Libya, Dubai/Dei sameinte arabiske emirata, Nigeria, Ecuador, Gabon og Qatar som nye. Med statleg kontroll over mesteparten av verdas eksportkapasitet for olje, hadde landa i OPEC gjort det lettare å administrere produksjonsmengder og pris.

Norge er ikkje medlem av OPEC og utformer sin oljepolitikk uavhengig av organisasjonen. Norge har imidlertid både diplomatisk og politisk kontakt med landa i OPEC. Både i 1986-89 og i 1999-2000 blei norsk oljeproduksjon redusert for å støtte OPECs strev for heve prisane.
www.opec.org

kallast gjerne det andre oljesjokket. I dagens pengeverdi var prisen da på historiske 70 dollar. For Norge, som no hadde fått ein viss oljeproduksjon, betydde dei høge prisane at vi fikk inntekter som vi først dei seinare åra har komme opp i på nytt.

DET TREDJE OLJESJOKKET: For å halde prisane oppe fordelte OPEC-landa **produksjonskvoter** mellom seg. Den samla OPEC-produksjonen fall dramatisk frå 31,5 mf/d i 1979 til 17 mf/d i 1985. Saudi-Arabias produksjon blei aleine redusert med 7 mf/d i perioden. Kvoteringane førte imidlertid til konflikter mellom OPEC-landa om korleis byrdene med redusert produksjon og reduserte inntekter (ialfall på kort sikt) skulle bli fordelt. Samtidig oppmuntra dei høge prisane frå det andre oljesjokket til energisparing og utvikling av nye energiberarar og til auka oljeproduksjon i land utanfor OPEC. Etter at desse faktorane hadde fått verke over ei tid, fall så prisane som ein stein vinteren 1985-1986 – ned til 10-15 dollar fatet. Det tredje oljesjokket var altså eit **kraftig prisfall**. I dagens pengeverdi var prisane etter prisfallet på 20-25 dollar fatet.

Etter 1986 og fram til 1998 fall prisane svakt. Unntaket var i 1990/91 da Irak gikk til angrep på Kuwait, slik at all eksport frå begge land stoppa (Golfkrigen). Imidlertid blei dette bortfallet raskt kompensert ved auke i eksporten frå Saudi-Arabia og noen andre land. I ein kort periode var prisane oppe i 35-40 dollar per fat, for så å falle ned på 15-20 dollar etter at dei fleirnasjonale styrkene kasta Irak ut av Kuwait.


EIT FJERDE PRISSJOKK: Sommaren 1998 fall prisen heilt ned til 10 dollar fatet og heldt seg der fram til våren 1999. Da reduserte eksportland i og utanfor OPEC (inkludert Norge) tilbodet av olje med fleire millionar fat. Veksten i etterspørselen bidro samtidig til at den ledige produksjonskapasiteten i verda etter kvart er blitt svært liten. I dag er det nesten bare Saudi-Arabia som er i stand til å auke produksjonen.

Hausten 2000 har oljeprisen ligge over 30 dollar per fat. Tilspissinga i konflikten mellom Israel og palestinarane har dessutan ført til frykt for at olje ikkje skal komme ut på marknaden. Samla har dette ført til stor grad av **ustabilitet** i prisen og fare for ytterlegare prisoppgang. Om oljeprisen held seg mellom 30-40 dollar eller høgare, vil vi kunne seie at vi no opplever det fjerde oljesjokket i nyare tid.

MEKANISMAR I OLJEMARKNADEN

Råoljeprisen blir bestemt av mange forhold: ressursituasjonen, tilstanden i økonomien, teknologi og politikk. Råolje blir handla

Statens nettoinntekter frå petroleumsverksemda, 1972-2000



Inntektene kjem frå SDØE (statens direkte økonomiske engasjement), utbytte frå Statoil, CO₂-avgift, produksjons- og arealavgift og skattar.

Kjelde: *Olje- og energidepartementet, 2000* er prognose.*

globalt, og prisen vil derfor vere nokså eins for alle land. Ulikt høge avgifter på forskjellige sluttprodukt som bensin, diesel og fyringsolje gjør at prisane på desse likevel varierer sterkt frå land til land. Transportkostnadene er relativt låge og spelar derfor mindre rolle.

Mesteparten av forbruket av oljeprodukt skjer i den rike delen av verda, som Nord-Amerika, Vest-Europa, Japan og Australia. Men fleire utviklingsland er i ferd med å ta igjen dei rike landas oljeforbruk.

Eit anna viktig forhold ligg på **tilbodssida**. Ettersom olje er ein ikkje-fornybar naturressurs (lagerressurs), er det frå naturens side gitt kva for land som kan produsere olje. Kring 2/3 av **verdas kjente oljeressursar** ligg i fem land ved Persiabukta: Saudi-Arabia, Dei sameinte arabiske emirata, Kuwait, Irak og Iran. Kunnskapen om kor oljen er, i kva mengder og til kva kostnader ein kan produsere den, har imidlertid endra seg sterkt. Tidleg på 1960-talet blei det slått fast at det ikkje fanst olje i Nordsjøen. Og i USA har produksjonshorisonten (det tidspunktet då all olje i landet skulle vere oppbrukt med dagens produksjonstempo) vore snaut 10 år fram i tid sidan 1950-talet!

Gjør greie for faktorar som kan påverke oljeprisen.

Det internasjonale energibyrådet (IEA)

IEA blei oppretta i 1974 som ei sjølvstendig eining innan OECD (Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling). Gjennom denne søkte forbrukslanda, med USA og utanriksminister Henry Kissinger i spissen, å etablere ei motvekt til OPEC. Dei ønskte å gjøre medlemslanda mindre oljeavhengig gjennom energisparing, utvikling av alternative energikjelder og gjennom forskning og utvikling. IEA har også ein eigen plan for handsaming av kriser som kan tre i kraft i samband med ei oljekrise. Denne omfattar både fordelingsplanar for olje og bruk av dei såkalla strategiske petroleumsreservane (SPR), som er bygde opp i mange av dei største medlemslanda.

På bakgrunn av si dobbeltrolle som vestleg oljeproduserande land, er Norge bare assosiert medlem av IEA. I dei fleste praktiske spørsmål deltar Norge på lik linje med land med full medlemskap. Ved ei eventuell ny energikrise er imidlertid ikkje Norge (formelt) plikta til å delta i ulike rasjoneringsiltak som IEA-land då vil sette i verk.

www.iea.org

Til tross for at dei store ressursane ligg i Midtausten, er det **USA og Russland** som, saman med **Saudi-Arabia**, lenge har vore dei største produsentlanda. Ettersom USA forbruker om lag dobbelt så mye olje som landet produserer, er det likevel verdas største nettoimportør av olje. Også mye av Russlands produksjon går med til eige forbruk. Det er derfor dei landa som har høg produksjon i forhold til eige forbruk, som blir store på tilbodssida i marknaden. Og her er landa i Midtausten i ei særstilling.

Dette er viktig for å forstå Norges rolle i oljemarknaden. Mens Norge representerer under 4 prosent av verdas eksport, er andelen av verdsmarknaden rundt 4 prosent. Dette har i fleire år gjort oss til eit av dei landa som har størst oljeeksport. Norsk oljeeksport har auka kraftig det siste tiåret. Tidleg på 1980-talet blei det produsert rundt 0,5 mf/d. I dag ligg produksjonen på over 3 mf/d. Med eit eige forbruk av råolje på ca. 0,2 mf/d blir den norske nettoeksporten på rundt 3 mf/d. Dei påviste petroleumsreservane i Norge representerer likevel bare 1,1 prosent av verdas totale reservar.

Politisk påverknad av oljemarknaden har historisk særleg vore kjent gjennom Dei sju systrene og OPEC, altså på **tilbodssida**. Under oljesjokka har mange gitt OPEC skulda for å manipulere tilbodet slik at prisane er blitt høge. Sidan det første oljesjokket i 1973/74 er imidlertid også **etterspørselssida** blitt sterkare påverka. Forbrukslanda har samordna delar av sin energipolitikk gjennom samarbeidet i Det internasjonale energibyrådet (IEA).


FORVENTNINGAR OG AUKA AVHENGIGHEIT

Energietterspørselen har auka jamnt dei siste 30 åra. Denne trenden er venta å halde fram også dei neste tjue åra. Veksten finn særleg stad i ein del utviklingsland i Asia og Sør-Amerika. Den auka etterspørselen etter olje vil i stor grad måtte bli dekt med olje frå Persiabukta. Oljeproduksjonen kan riktignok komme til å auke i andre delar av verda, kanskje særleg i områda ved Kaspiahavet. Likevel kan ingen andre område enn Midtausten klare ein så sterk auke i produksjonen som prognosane for etterspørselen tilseier.

Dei næraste par tiåra ventar ein derfor vil bli prega av auka oljeeksport frå Persiabukta, særleg til asiatiske land. Dersom produksjonen i Midtausten klarer å halde tritt med den venta veksten i etterspørselen, kan vi oppleve ein relativt balansert oljemarknad dei neste tjue åra. Held den økonomiske veksten fram i dei asiatiske vekstlanda, som Kina og India, utan at Midtausten held følge, kan vi derimot komme til å oppleve ein endå strammare oljemarknad i løpet av noen år.

Eit fjerde oljesjokk

Kor mye olje forbruker dei enkelte regionane i verda?



Kjelde: BP Amoco
statistical review of world
energy 2000

PRISAR OG PRISPROGNOSAR

Ingen kan seie nøyaktig kva oljeprisen vil komme til å bli, verken på kort eller lang sikt. Så godt som alle prognosemakarar i oljebransjen har **konskekvent tatt feil** om kordan oljeprisen vil utvikle seg over tid. I eit perspektiv på dagar, veker, månader og eit år eller to, blir prisen langt på veg styrt av forventningar om kva som vil skje i framtida. Når forventningane endrar seg tilstrekkeleg, endrast også prisen, av og til temmeleg dramatisk, som i dei fire oljesjokka vi har opplevd til no.

Fagfolk er ikkje einige om trenden for dei neste par tiåra går i retning av fallande eller stigande petroleumsprisar. Sjølv om olje er ein ikkje-fornybar ressurs, blir den ikkje alltid oppfatta slik i økonomisk forstand. Dei utvinnbare ressursane kan bli større viss prisen blir høgare og dermed gjør det økonomisk fornuftig å hente ut olje frå «dyre felt» – felt med høge utvinningskostnader per fat olje. Også lågare leite- og utvinningskostnader eller betra teknologi kan bidra til at meir olje kan bli henta opp av eit reservoar. Avhengig av korleis forholdet mellom tilbod og etterspørsel vil utvikle seg og politiske hendingar, kan oljeprisen bli både høg og låg. Det er ei uviss vi må leve med.

AUKA AVGIFTER

Eit forhold som er blitt spesielt viktig dei siste femten åra, er den **stadige auken i energiavgifter** i forbrukslanda. Særleg ser vi dette på bensin- og dieselpriar i Europa. I dagens prisar tok oljeproduiserande land rundt 70 dollar per fat råolje tidleg på 1980-talet. Avgiftene var 20-30 dollar og resten dekte raffinering, marknadsføring osv. Dette gjorde at europeiske forbrukarar den gongen betalte rundt 90-100 dollar fatet målt i dagens prisar.

Kva for eit skifte finn du i forholdet mellom produsent- og forbrukarland dei siste åra?

Ole Gunnar Austvik er førsteamanuensis ved Høgskolen i Lillehammer. Der arbeider han med internasjonale økonomiske spørsmål og petroleumsøkonomi.
www.kaldor.no/energy

Målt i reelle prisar (faste prisar) betaler europeiske forbrukarar i dag nesten det same for eit fat med olje som dei gjorde tidleg på 1980-talet. Fram til prisoppgangen starta i 1999, fekk imidlertid råoljeprodusentane på 1990-talet bare 10-20 dollar per fat av dette. Brorparten gikk til statskassene i dei europeiske forbrukslanda, som tok inn rundt 50 dollar fatet. Situasjonen frå 1980-talet var altså nærast **snudd på hovudet**. I Europa er det forbrukslanda som i dag tar mesteparten av fortienesta i omsettinga av olje, mens produsentlanda gjorde det i perioden 1974-1985. I Norge utgjør avgifter rundt 70 prosent av bensinprisen. Situasjonen er den same i andre vesteuropeiske land (EU-landa).

UTVIKLINGSLANDA

I Norge er vi tent med ein stabil og relativt høg oljepris. Dei fleste landa i verda er derimot forbruksland som er tent med ein relativt låg oljepris. Olje er den viktigaste enkeltvaren i internasjonal handel, og handelen utgjør store beløp både for import- og eksportlanda. Stor prisoppgang på olje kan derfor bli spesielt vanskeleg for dei landa som har dårlegast betalingsevne, nemleg dei fattigaste utviklingslanda. Noen av dei kan komme til å bygge opp ny gjeld til omverda.

Gjeldskrisa i utviklingslanda oppsto på 1970- og 1980-talet delvis som følge av dei store prissjokka på råolje. For å dekke dei store underskota som følgde av mye dyrare oljeimport, lånte utviklingslanda pengar i vestlege land. For mange av desse landa blei lån og avdrag på gjeld større enn dei samla eksportinntektene. Fleire av landa, særleg i Afrika, har fortsatt ikkje klart å betale ned denne gjelda, eller fått redusert gjelda i tilstrekkeleg omfang. Vi kan derfor no oppleve at dei høge oljeprisane forverrar gjeldskrisa for utviklingslanda.

STORE SVINGNINGAR

Det fjerde oljesjokket i løpet av dei siste 30 åra er ei ny **valdsam prisendring på fleire hundre prosent innanfor kort tid**. Ser vi på prisane i dagens pengar i løpet av denne perioden, ligg dagens prisar omtrent på nivået for perioden 1974-1979, tydeleg under nivået frå tidleg på 1980-talet og ein del over nivået frå 1990-talet. Dagens prisar er faktisk nokså nær gjennomsnittet for heile perioden. Dei største problema eit oljesjokk skaper, er ofte at endringane er så store over kort tid og så vanskelege å forutse. Dette gjør tilpassing og planlegging vanskeleg både for produsentland og forbruksland.

Alle arbeidsoppgaver: se www.nupi.no/pub/hhd/arb.html